



Arkivnr: 2015/874-4  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		02.06.2015

### Klagesak

#### **Klage på vedtak av 4. november 2014 angående avslag på søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle på Fv. 223 Skråmestø/Herdla - gnr. 41 bnr. 17, i Askøy kommune**

### Samandrag

Statens vegvesen Region vest fatta den 4.11.2014 avslag på søknad om utvida bruk av avkjørsle for to einebustader på eigedomen gnr. 41 bnr. 17 på Fv 223, Skråmestø/Herdla i Askøy kommune. Grasp Arkitekter AS har klaga på vedtaket i skriv av 24.11.2014, på vegne av tiltakshavar, Leonard H. Skansen. Eigedomen er uregulert og ligg innanfor eit område som er vist som LNF-område i kommuneplanen. Det er krav om dispensasjon etter plan- og bygningslova. Den omsøkte avkjørsle er mellom krysset til Heimdal og Herdla bru. (Se vedlagte kart.)

Askøy kommune innvilga rammeløyve for to bustader på gnr. 41 bnr. 17 den 11.03.14. Rammeløyvet har sin bakgrunn i at Askøy kommune den 29.01.14 fatta vedtak om å gje dispensasjon frå arealdelen i kommuneplan for etablering av to einebustader og tilkomstveg i LNF-område.

Statens vegvesen Region vest har vurdert klaga som underinstans og har funne å oppretthalde sitt avslag i saka.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga og rår til at klagen frå Grasp Arkitekter AS over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 4.11.14 om å avslå søknad om utvida bruk av avkjørsle på Fv 223 til eigedomen gnr. 41 til bnr. 17, ikkje vert teken til følgje.

### Forslag til vedtak

Klage frå Grasp Arkitekter AS over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak om å avslå søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle på Fv 223 Skråmestø-Herdla gnr. 41 bnr. 17 i Askøy kommune, vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

1. Askøy kommune, søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av to einebustadar. Vedtak av 29.01.2014.
2. Askøy kommune, rammeløyve frå Askøy kommune for gnr. 41 bnr. 17, av 11.03.2014.
3. Grasp Arkitekter As, Søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsel og dispensasjon frå byggegrensen langs offentleg veg, av 08.10.14.
4. Statens vegvesen Region vest, svar på søknad, avslag, av 04.11.2014.
5. Grasp Arkitekter As, Klage på avslag av 04.11.2014. Motteke 25.11.2014.
6. Statens vegvesen Region vest, forslag til reguleringsplan for Skansen Vest, utarbeid av JMN-plan og arkitektur.
7. Statens vegvesen Region vest, kart.
8. Statens vegvesen Region vest, oversendelsesskriv – opprettheld avslag, av 05.01.15
9. Hordaland fylkeskommune, 3 stk bilete av omsøkte avkøyrse.
10. Hordaland fylkeskommune, kart.

## Fylkesrådmannen, 15.05.2015

### Bakgrunn for saka

Askøy kommune innvilga den 11.03.14 rammeløyve for oppføring av to einebustader på gnr. 41 bnr. 17. (Vedlegg 2) Søknad om dispensasjon for oppføring av to bustader og ny adkomstveg vart innvilga den 29.01.2014 av Askøy kommune. (Vedlegg 1) Egedomen er uregulert og ligg innafor eit område som er vist som LNF-område i kommuneplanen. Det måtte difor søkjast om dispensasjon etter pbl § 19-2.

Grasp Arkitekter søkte om utvida bruk av eksisterande avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense langs offentlig veg den 8.10.2014. ( Vedlegg 3)

Statens vegvesen Region vest ga den 4.11. 2014 avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø og dispensasjon for to einebustader, på Fv 223 gnr. 41 bnr. 17 i Askøy kommune med heimel i veglova §§ 40-43. (Vedlegg 4)

Grasp Arkitekter AS klage på avslaget i skriv av 25.11.2014 . (Vedlegg 5)

Statens vegvesen Region vest fastheld sitt vedtak av 4.11.14, der det ble gitt avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø for to bustader på Fv 223, gnr. 41 bnr. 17. (Vedlegg 8)

Avkjørslo ligg mellom krysset til Heimdal og Herdla bru i Askøy kommune, like etter Herdla bru, på høgre side av vegen når ein køyrer frå brua. Området som dei to tomtene er lokalisert på, er på vestsida av Fv 223, er aude med bergknausar og lyng vendt mot Hjeltefjorden. I nærleiken av Herdla bru er det på same side ei eldre hytte. Hytta har idag ei dårleg avkøyrslø på Fv 223. Det er denne avkøyrslø ein no ynskjer å utvide bruken for ved desse to tomtene. Avkøyrslø ligg i overgangen mellom 50 og 60 fartssone på staden. Fv 223 er ein del av hovudvegnettet på nordre Askøy.

Statens vegvesen Region vest og Hordaland fylkeskommune som vegeigar har ikkje fått høve til å uttale seg om dispensasjonssøknaden, før vedtak vart fatta. Det går fram av plan- og bygningslova § 19-1 3. pkt. at: «*Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.*» (Pbl § 1-8 forbod mot tiltak mv langs sjø og vassdrag.) Denne saka gjeld tilkomst til Fv 223, og berører såleis vårt fagområde. Vi har ikkje fått uttale oss om dispensasjonssøknaden. Dette er uheldig og er i strid med Pbl § 19-1.

Grunnvilkåret for å gje dispensasjon er at omsynet bak bestemmelsen som det vert dispensert frå ikkje vert vesentleg tilsidesatt. I tillegg skal det foretas ein interesseavveining, der fordelane ved tiltaket må vurderast opp mot ulempene av tiltaket. Etter plan- og bygningslova § 19-2 må det vere ein klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon.

Askøy kommune, administrasjonen, har gjeve desse opplysningane i samband med vurdering av dispensasjonssøknaden:

#### Planstatus:

Egedomen ligg etter arealdelen i kommuneplanen i LNF-område og innafor byggegrense mot sjø og vassdrag. Tiltaket er i strid med formålet (arealbruken) i kommuneplanen og kommuneplanens bestemmelser pkt. 6-1 ( byggegrense mot sjø) og 6-2 (byggegrense mot vassdrag).

Eigendommen grenser i sør til eit område som i kommuneplanen er satt av til framtidig bustadbygging der det mellom anna er krav til utarbeiding av reguleringsplan før bygging vert tillate. Egedomen er innafor eit større LNF-område som er så og seie ubebygd. Det er kun 2 bebygde fritidseigedomar i området. Tiltaket, dei to einebustadene samt ny adkomstveg, vil medføre store inngrep i eit elles urørt LNF-område. Landbruks,- og friluftsliv (LNF) benyttes som arealformål for områder som skal nyttast eller sikrast til landbruksproduksjon, og/eller som skal bevarast som naturområder eller områder med spesiell betydning for friluftslivet. Dette er areal som i det vesentlege skal vere ubebygd, men kor det kan tillates bebyggelse som fremmer arealformålet, feks bebyggelse i tilknytning til landbruksvirksomhet eller bruk av området til friluftsliv. På generelt grunnlag vert sikring av desse areala vurdert som viktig av omsyn til bla allmenn

ferdsel, friluftsliv og rekreasjon, biologisk mangfald, landskapsinteresser og kulturminner, landskapsinteresser og estetiske omsyn. Endring av arealbruk i forhold til det som er fastlagt i plan, bør primært skje gjennom en planprosess.

Administrasjonen i Askøy kommune ba Utvalg for teknikk og miljø om å foreta ein vurdering av om føremåla bak arealdisponeringa i LNF-området vil bli vesentleg tilsidesatt ved oppføring av 2 stk einebustader og ny adkomstveg, og om fordelane ved ein dispensasjon vil vere klart større enn ulempene. Administrasjonen var av den oppfatning av at vilkåra for å gje dispensasjon ikkje var oppfylt. Utvalg for teknikk og miljø innvilga i møte den 23.01.2014 dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i LNF-område og kommuneplanens bestemmelser om byggegrense mot sjø og vassdrag.

#### Uttale frå Miljøvernleiar i Askøy kommune:

Miljøvernleiar har i notat av 05.12.13 mellom anna gitt denne uttale i saka:

Vurdering etter naturmangfoldlova § 8:

*«Det er ikke registrert direkte funn på eiendommen i artskartet, men området eiendommen ligger i er et større urørt område som ligger like sør for Herdla øy. På Herdla finnes Herdla naturreservat med et særlig rikt og variert fugleliv. Registreringer i nærheten av Skansen viser at flere av de registrerte artene er oppført i Norsk rødliste for arter i 2010. Mange av disse artene er oppført i Norsk rødliste for arter 2010. Mange av disse artene er mer tilknyttet sjøen og blir derfor ikke direkte berørt av søknaden, men økt aktivitet og utbygging på land vil også kunne påvirke rødlisteartene indirekte.*

*På bakgrunn av vurderinger etter naturmangfoldlovens §§ 8-10 bør det ikke gis dispensasjon fra LNF uten at natur- og landskapsverdiene er nærmere undersøkt og vurdert. Disse undersøkelsene må dekkes av miljøpåvirker/tiltakshaver.*

*Konklusjon: Det anbefales ikke å gi dispensasjon til tiltaket. Før dette kan vurderes må en få mer oversikt over konsekvensene av tiltaket jamfør naturmangfoldlovens §§9 og 10.»*

#### **Rettsleg grunnlag**

Det går fram av veglova § 1 a at:

*«Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tent med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogeleg trygg og gode avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»*

Det går fram av veglova § 40:

*«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.*

*Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.*

*Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.*

*Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.»*

Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar er eit ikkje juridisk bindande dokument, men skal gje føringar for kva haldning som skal leggast til grunn ved handsaming av avkjørsle- og byggegrensesaker.

## Klagen

Grasp Arkitekter AS har den 25. november 2014 sett fram klage på vedtak av 4. november 2014, på vegne av tiltakshavar. Klagen lyder slik:

«Askøy kommune innvilget 11.03.2014 rammetillatelse til 2 eneboliger for gnr. 41 bnr. 17, og dispensasjonssøknad tilknyttet byggesaken ble innvilget 29.01.2014. Eiendommen er uregulert og ligger innenfor område anvist som LNF i kommuneplanen – dispensasjon måtte derfor foreligge før uttalelse fra Statens vegvesen kunne innhentes. Byggesaken ble grundig behandlet av Askøy kommune, og dispensasjonssøknaden ble begrunnet med følgende vilkår:

( ....)

Askøy kommune legger her vekt på at eksisterende avkjørsel utbedres og at det legges tilrette for allmenn bruk av privat vei og tilkobling til tursti fra denne.

Statens vegvesen begrunner sitt avslag med at «Området der dei to tomtene er lokalisert vil i framtida vere eit attraktivt areal for etablering av bustader. Vi forventer soleis at det vil kome fleire søknadar om utvida avkøyrse her». Dessuten henviser Statens vegvesen til at det pågår planarbeid for nytt boligområde på tilstøtende areal ( plan 365, gnr. 42 15 mfl) og at intensjonene ved disse planene er å legge opp til et nytt veikryss ved Heimdal.

Det understrekes at søknad om utvidet bruk av avkjørsel datert 08.10.2014 kun gjelder for 2 nye boenheter. Undertegnede har vært i kontakt med saksbehandler hos Statens vegvesen vedr. tilstøtende planarbeider og bedt om plandokumentasjon for planarbeidet med tilhørende ny avkjørsel ved Heimdal, men ble kun henvist videre til privat initiativtaker. Han har ikke vært å treffe pr. telefon. Undertegnede har vært i kontakt med Askøy kommune vedr. status for planen, Askøy kommune kunne opplyse følgende: «Det henvises til epost av 19.11.14 der det bes om en tilbakemelding på status for igangsatt planarbeid for reguleringsplan, Plan 365. Det ble varslet oppstart av planarbeidet i mai 2013. Kommunen har ikke mottatt forslag til planutkast pr. d.d. og er avventende i forhold til videre fremdrift i planarbeidet til et slikt utkast foreligger. Kommunen er imidlertid kjent med at der er uavklarte forhold vedr. det igangsatte planarbeidet. Dette er forhold av privatrettslig karakter og ligger utenfor kommunens ansvarsområde. Kommunen har gitt muntlig tilbakemelding til plankonsulent for Plan 365. JMN Plan Arkitektur AS, om at de privatrettslige forholdene må avklares før videre arbeid med reguleringsplanen».

Som Statens vegvesen er kjent med, medfører en ny reguleringsplan svært lang tid fra den er startet opp til den er godkjent. Reguleringsplan 365 er kun startet opp. Privatrettslige forhold er ikke avklart og det foreligger ingen offentlige dokumenter som kan gi tiltakshaver for gnr. 41 bnr. 17 et innblikk i hvor realistisk planen er, dens tidsaspekt og hvorvidt det er realistisk at de 2 eneboligene faktisk kan tilknyttes plan 365. Området består av et kupert terreng, hvor det ikke lar seg gjøre å « kun forlenge» en vei med noen 100-meter. Det er store høydeforskjeller som vil medføre store terrenginngrep, som det igjen ikke er gitt at Askøy kommune vil godkjenne. Forøvrig er det en stor sannsynlighet for at planarbeidet ikke vil være ferdigstilt innen 3-årsfristen for igangsettelse for eneboligene utgår, og fristen for igangsettelse vil ikke bli fornyet av Askøy kommune. Statens vegvesen sitt avslag vil således medføre at gnr. 41 bnr. 17 ikke blir bebygget.

Statens vegvesen skriver videre: «Desto fleire avkøysle ein veg har desto større er risikoen for at det oppstår trafikkulukker. Eksisterande avkøyrse fører fram til ei eldre hytte i området. Vi er av den oppfatning at det i området kring ut og innkøyring til Herdla bør vere oversiktleig med minst mogleig overraskende trafikale moment. Særleg i sommarhalvåret er det i periodar større utfart til øya.»

Avkjørselen eksisterer per idag og avkjørselen fremstår som et overraskelsesmoment i dag. Utbedring av avkjørselen vil derimot medføre at den blir mer merkbart og synlig i trafikkbildet. Boligene er plassert med relativt god avstand til avkjørselen og vil således ikke medføre andre uromomenter i trafikkbildet enn en økning på 2 boenheter. Avkjørselen ligger som nevnt i Statens vegvesens brev i overgangen mellom 50 og

60 sone, og Fv 223 er ikke en sterkt trafikkert veg. Vi kan således ikke se at utvidet bruk av avkjørselen vil medføre en forverret situasjon mht. trafikkulykker og særlige kryssningsulykker.»

### Statens vegvesen si vurdering

Statens vegvesen har vore på staden og har vurdert avkøyrsla. I oversendingsbrev av 5.1.2015 frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune, viser Statens vegvesen til at jo fleire avkøyrslar det er på ein veg, desto større er risikoen for at det vil oppsto trafikkulukker. Med dette som bakgrunn ynskjer Statens vegvesen å ha få, men godt definerte kryss/avkøyrslar på fylkesvegnettet. Det gjev ein forutsigbar og oversiktleg trafikal situasjon både for bilistar og mjuke trafikantar.

Statens vegvesen viser deretter til at det er under regulering eit større planområde for bustadar like i nærleiken av krysset til Heimdal. Planområdet strekker seg ut i frå sør mot nord i retning av Herdla bru. Dette området skal ha tilkomst til Fv 223 via krysset til Heimdal. Det er naturleg at tomtene på Gnr. 41 bnr. 17 vender seg mot dette området og at ein nyttar krysset til Heimdal i staden for av ei dårleg plassert avkjørsle. Det er pr. idag ikkje noko naturleg godt trafikalt punkt for tilkomst til Fv 223 mellom krysset på Heimdal og Herdla bru. Fv 223 går i rett line gjennom ei fjellskjering på staden, noko som gjev ein uoversiktleg situasjon.

Statens vegvesen peikar på at det er særleg trafikalt utfordrande å gje ei utvida bruk av den eldre avkøyrsla til hytta på staden. Særleg i sumarhalvåret er Herdla ei øy som folk på Askøy og i Bergensområdet nyttar til utfart og friluftsliv. Ei utfordring her er at Herdla bru er ei eitt-felts bru med avgrensa kapasitet og kvalitet. I periodar med mykje bilar kan det vera kø for å kome seg over til øya og tilbake. Omsøkte avkjørsel ligg inn mot bruområdet. Ut og innkøyring frå avkøyrsla vil kunne kome i konflikt med trafikk til og frå brua, på eit punkt der folk ikkje forventar kryssande trafikk. Statens vegvesen vurderar at potensiale for uheldige trafikale situasjonar med kryssningsulykker og påkøyring bakfrå, absolutt er til stades. Dei kan ikkje sjå at det som er det viktigaste, trafikktryggleiken, vert ivaretatt ved omsøkte tiltak.

Fv 223 er siste del av hovudvegnettet på Askøy. I rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser i region Vest vedteken av Hordaland fylkeskommune har vegen ein streng haldningsklasse for etablering av nye avkøyrslar. Det går mellom anna fram at: «*Talet på avkøyrslar som avgrensast.*» Nye tilkomstar til hovudvegnettet skal finne stad via kryss og ikkje via nyetablerte avkøyrslar. Dei viser til at krysset til Heimdal er best teneleg for desse tomtene.

Statens vegvesen peikar til sist på at det er heilt avgjerande at tilkomst til Fv 223 frå vestsida finn stad på ein trygg, forutsigbar og effektiv måte som sikrar trafikktryggleik for alle typar trafikkantar for framtida. Dei vurderar at dette skjer best ved å nytte kryss ved Heimdal som tilkomst til Fv 223.

Statens vegvesen har vurdert klagen som underinstans og finn ikkje å kunne ta klagen til følgje.

### Fylkesrådmannen si vurdering

Omsøkte avkøyrsla er ein del av hovudvegnettet på Nordre Askøy, og ligg mellom kryss til Heimdal og Herdla bru. Ved avkøyrsla endrar skilta fartsnivå seg frå 60 km/t til 50 km/t. Ved handsaminga av denne klagesaka, har ein frå administrasjonen vore på staden og vurdert avkøyrsla den 06.05.2015. Eksisterande avkøyrsla fører fram til ei eldre hytte i området. Slik avkøyrsla framstår idag, er det ei lite synleg avkøyrsla som kjem overraskande på og er lite synleg i trafikkbildet. Årsdøgertrafikk på Fv 223 er opplyst til 600.

Fylkesrådmannen legg vekt på at det er viktig å kunne etablere få men gode avkøyrslar og kryss langs fylkesvegnettet, som kan ivareta ein effektiv ferdslar og trafikktryggleik for framtida. Jo fleire avkøyrslar ein veg har, jo større er risikoen for at det kan oppstå trafikkulukker. Ein er av den oppfatning at det i området kring ut og innkøyring til Herdla bør vere oversiktleg med minst mogeleg overraskande trafikale moment.

Spesielt i sumarhalvåret er det i periodar stor utfart til øya. Ein vil her minne om at kryssingsulukker kan ha et stort skadeomfang og kan ha fatalt utfall.

Grasp Arkitekter AS viser i sin klage til at søknad om utvida bruk av avkøyrslar datert 08.10.2014 berre gjeld for to nye bustader. Fylkesrådmannen vil her vise til at omsøkte avkøyrslar ligg inn mot bruområdet. Ut og innkøyring frå avkøyrslar vil kunne kome i konflikt med trafikk til og frå brua. På dagar med mykje utfart, kan det danne seg kø, for å kome seg over brua. Ein kan ikkje sjå at dette er god trafikal løysing.

Det vert vist til Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser. Fv 233 er i haldningsklasse 3. Her går det fram at: «*Talet på direkte avkøyrslar til vegane må vere avgrensa. Nye bustadavkøyrslar bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrslar må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga.*» Dette taler imot å godkjenne utvida bruk av eksisterande avkøyrslar.

Grasp Arkitekter AS peikar i sin klage på at ein ny reguleringsplan tek svært lang tid frå den er starta opp til den er godkjent. Dei skriv deretter at reguleringsplan 365 er nylig starta opp, privatrettslege forhold er ikkje avklart og det er ingen offentlege dokument som kan gje tiltakshavar eit innblikk i kor realistisk planen er. Fylkesrådmannen meiner at det ein her må ha hovudfokus på er trafikktryggleik. På strekningar som det i periodar er stor utfart på, og som har ein relativt smal veg med ei lite oversiktleg avkøyrslar, må dette omsynet vega tungt. Det er viktig å ha ein forutsigbar og oversiktleg trafikal situasjon både for bilistar og mjuke trafikantar. Fv 223 er ein del av hovudnettet på nordre Askøy.

Klagar har anført at slik avkøyrslar eksisterer idag, framstår den som eit overaskelsesmoment, men ei utbetring av avkøyrslar vil medføre at den står fram som meir markert og synleg i trafikkbiletet. Fylkesrådmannen viser her til dei vurderingane som er gjort av Statens vegvesen Region vest. Dei ser det som særleg trafikalt utfordrande med å gje ei utvida bruk av den eldre avkøyrslar til hytta på staden. Frå sør kjem avkøyrslar brått på og vil vere eit overraskande element på mange trafikantar. Dei vurderer at her er potensiale for uheldige trafikale situasjonar som nemnt ovanfor. Ei utvida bruk av denne avkøyrslar vil såleis gå på tvers av Statens vegvesen sin 0-visjon og statlege retningslinjer for samordna bustad, areal og trafikkplanlegging. Dei finn at ei auka bruk av denne avkøyrslar vil føre til høgare risiko for ulukker på staden. Som Statens vegvesen Region vest tidlegare har peika på, vil det vere naturleg at tomtene gnr. 41 bnr. 17 vender seg mot planområdet som er under regulering i sør, og nyttar krysset til Heimdal i staden for bruk av ei dårleg plassert avkøyrslar. Ein vil då få ei samla utkøyring på FV 223 for dei som har bustad på vestsida av fylkesvegen. Dette krysset er godt synleg og vil ivareta trafikktryggleiken på ein framtidssretta måte.

Fylkesrådmannen meiner at det med omsyn til trafikktryggleiken i denne saken, ikkje er grunnlag for å akseptere utvida bruk av eksisterande avkøyrslar. Fv 223 er ein del av hovudvegnettet på nordre Askøy. Frå sør kjem avkøyrslar brått på og vil vere eit overraskande element for mange trafikantar. Det vert vurdert at her er potensiale for uheldig trafikale situasjonar med kryssingsulukker og påkøyring bak i frå, tilstades.

Fylkesrådmannen finn på bakgrunn av dette å rå til at klage frå Grasp Arkitekter AS over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak om å avslå søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslar/dispensasjon på Fv 223, Skråmestø/Herdla i Askøy kommune ikkje vert teken til følgje.